

## NYHENDE

### Fyrste kvartal 2019

- **StyreWorkshop 3** på Sjøtunet 10. januar. Kurset tok for seg KONTROLLOPPGÅVER, som er styret sitt ansvar. 10 personar frå ulike medlemsbedrifter deltok.
- **Grüne woche** - Berlin, 17. – 22. januar, der Sigmund, Kjersti og Thor-Arvid deltok. Grüne woche er ei årleg internasjonal messe i Berlin, og ei av verdas leiande forbrukarmesser for landbruk, mat og reiseliv. Næringsshagen deltok og på Workshop for prosjektet Baltic Sea Food (BSF).
- **Medlemsmøte** - Jaunsen Gjestgjevarstad Granvin, 14. februar. Den over 300 hundre år gamle gjestgjevarstaden er omsorgsfullt restaurert dei seinare åra. Eigar Eli Stangeland tok hjarteleg i mot oss og serverte smakfull mat frå lokale leverandørar. Målbedrift Any Excuse to Ride innleia med spanande presentasjon av si bedrift. Vidare presenterte Moelven Granvik Bruk sine ambisjonar og Olav Seim fortalde om status i Granvin herad. Me avslutta med Workshop om gründerar og etablerte verksemdar sine utfordringar, og korleis dei kan samarbeide for å løyse utfordringane. 18 engasjerte personar deltok.
- **Innovasjonskonferanse** – Voss 14. mars. Eit samarbeid mellom Næringsshagen på Voss, Voss kommune, Sparebanken Vest og Næringsshagen i Hardanger. Konferansen er ein møteplass for gründerar, etablert næringsliv og alle som er interesserte i innovasjon. Målbedrifta vår Any Excuse to Ride var ei av dei heldige bedriftene som fekk Sparebanken Vest sitt gründerstipend.
- **Innovasjonstur til Beijing og Shanghai**, Kina. 22.- 30.mars i regi av INUNET. Kjersti og Sigmund har hatt ei fantastisk veke med mykje felles læring, innsikt og nye kontaktar. Dei har besøkt industriparkar, inkubatorar, universitet, akselleratorar, fabrikkar, ambassaden, konsulatet og bedrifter. Har bedrifta di planar om Kina som marknad el. produksjonsstad, ta kontakt!
- **Kurs PROSJEKLEIING** 26. - 27. mars (15,5t), Thon hotel Sandven. 15 engasjerte deltakarar hadde to lærerike dagar på kurs. Forelesar Tore Aalberg frå BI, losa dei kunnskapsrikt og inspirerande gjennom leiing og prosjektforståing. Lærdom til seinare kan vere at kurset retter seg meir mot prosjekt generelt.

### NIH er engasjert i 6 spanande prosjekt

- **BSF** – internasjonal lokalmatprosjekt, Baltic Sea Food, med 10 andre land.
- **Gründerakademiet** – er eit verktøy for etableraropplæring. NIH skal hjelper gründerspirer til å lukkast med realisering av sine forretningsidéar og bedrifter. Me skal i løpet av hausten gjennomføre 4 samlingar a 2 dagar.
- **Hardangerfjord Adventure** - etablering av ribb-selskapet Hardangerfjord Adventure, som skal selje reiselivsopplevingar.
- **Kvamskogen** – Reiselivsutvikling på Kvamskogen. NIH leiar på vegne av Kvamskogen næringslag forprosjektet «Utvikling av Kvamskogen som reiselivsprodukt og næringsveg».
- **Mathuset** - Ny aktivitet i TINE Meieriet-bygget i Hardanger. Skiping av eigeidomsselskap.
- **Osteprojekt** – NIH arbeider med å få i stand osteproduksjon i Hardanger.

**Minner om KURS – StyreWorkshop 4** på Sjøtunet **25. april**. Viktig tema, - Å bygge ein prestasjonsretta, utviklande og innovativ bedriftskultur - Fleire påmelde, men plass til fleire. Sjå tilsendt e-post.

**Nye mål/medlemsbedrifter:** Norwegian Fine Food and Spirits. Fjåk Chocolate, Asbjørn Flatebø, Fykse 70/6 as og Nils Aksnes & co.

Me i Næringsshagen ynskjer alle ein god påskeferie.  
Sigmund, Kjersti, Thor-Arvid og Marita

